

# KYRKJEBLAD

55. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6/2001

Side 2

**Julehelsing** frå  
kapellan Edvard Bø

Side 4

**Andakt:** Gud er nær  
i din kvardag

Side 7

**Dei nye sokneråda**  
Samansetjing

Side 8

**På veg til Nepal**  
Unge misjonærar

Side 10

**Barnas kyrkjebok**  
Bilete frå utdelinga

Side 13

**Rykte om englar**  
Frå musikalen**Nissane på låven**  
eller hyrdingane på  
marka?

Valet er ditt.

Sjå oversynet over  
gudstenester i jula  
på side 15...

Jula 2001



**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

**Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29****e-post:**

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl.****10.30-13.30****Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

**e-post:**

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

**e-post:**

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90196514

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret. Adressa finn de øvst i denne spalta.

**Kasserar:**Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:**Øystese Trykkeri A/S, Boks 34  
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113,  
5721 Dalekvam.**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome til Kyrkjekontoret innan 31.januar

Neste nummer kjem ut i veke 7.

**JULETRADISJONANE  
OG DEN  
GLADE  
BODSKAPEN**

Vi går ei ny jul i møte. Julestria kallar vi det. Det er mykje som skal gjerast klart før høgtida sett inn. Vi har mange gamle fine tradisjonar knytt til jula og nokre nye. Eg er ser det som særskilt viktig å ha gode tradisjonar. Dei hjelper oss til å kunne feire på ein god måte. Nokre tradisjonar kan kanskje vere dårlige eller mindre bra. På mange måtar tar vi ut for mykje av sjølve jula før tida så lufta har gått litt ut av ballongen på sjølvaste julaftan for enkelte. Det er liksom ikkje det same å få pinnekjøtet på bordet om ein har fått det ti gonger før. Samtidig er det også viktig med å ha gode opplevingar med kollegaer der ein kan ynskje kvarandre God jol og samlast i godt lag før høgtida.

Julefeiringa er den av høgtidene våre som står sterkest i folket. Til dømes har ikkje pinsen fått same gjennomslaget. Eg trur mellom anna at det har noko med tradisjonar å gjera. Alle veit kva dei skal eta på julaftan, men spør du kva dei skal eta Pinsedagen, så vil dei ikkje kunne svara like klårt. Det er ikkje bygt opp like klåre forventingar og tradisjonar til den høgtida. Men er det så tradisjonane som gjev innhaldet til feiringa? Eg håpar og trur ikkje det. Sjølv om det til tider kan bli litt mykje nissar og styr, så trur eg eigentleg at bodskapen om barnet i krubba og jolesongane og gåvene, juletrea og peparkakene har ein samverknad i å peika fram mot han som kom ei stille natt i Betlehem til vår jord.

Vi framførde i år ein musikal med konfirmantane som er kalla "Rykte om englar." Her fekk vi førebu oss på



jolebodskapen på ein fin måte. Konfirmantane gjorde ein heiderleg innsats med mange øvingskveldar. Når kvelden, kom gjekk framföringa over all forventing. Alle skal ha takk som gjorde ein innsats, og det var mange. Songane var vitnesbyrd om dei som hadde møtt englane og bodskapen. Går det an å tru på englar no i år 2001? Like mykje eller like lite som det var for 2000 år sidan. Det må ha vært underleg for ei ung jente på 15 år som Maria var det, å få englevitjing som fortalte at ho skulle bli med barn utan å ha vore saman med ein mann, og at dette barnet skulle vere sonen til Den Høgste, til Gud i himmelen. Det må ha vore underleg for gjeterane som plutseleg så stjernene dansa og syngja og så var det ikkje stjerner, men himmelen var full av englar som eit enormt himmelsk kor. Du vi'kje tru det song, konfirmantane. Eller vil du det? Juleevangeliet er den eldste av dei gamle tradisjonane våre. Men det kan vere like sant for det. Ja, kanskje særleg difor. Folk har trudd på han og det har skapt håp og fornying i liva deira i generasjonar. Midt i den mørkaste tida får vi høre et sant rykte om englane og bodskapen deira. Kan vi tru

på englar? Eg har ikkje sjølv sett ein engel, berre menneske som har vorte som englar for meg. Men i haust vart eg råka av ein trailer i ein stygg trafikkkulukke på Dale, der eg kom frå det med livet i god behald og utan ei skramme. Når eg fortalte kva som skjedde til vene og folk ikring meg sa dei: Du må sanneleg ha hatt englevakt den dagen. Så får eg sjølv bera rykte om den engelen eg ikkje såg, men som redda meg når eg trengde han.

*Englene sang den  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød:  
Fred over jorden,  
menneske, fryd deg!  
Oss er en evig Frelser født!*

Så ynskjer eg Dykk alle ei riktig God og Fredeleg Jol. Ta vare på alle dei gode tradisjonane som kan bringe ryktet ikkje om englar, men om det frelsande Jesusbarnet vidare til kvar ny generasjon av born som fødest til verda.

Helsing kapellan Edvard Bø

## HJUL OG JUL

# Gud er nær i din kvardag!


*"I opphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud. Han var i opphavet hjå Gud. Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til av det som har vorte til. I han var liv, og livet var ljoset for menneska. Og ljoset skin i mørkret, men mørkret tok ikkje imot det.*

*Det stod fram ein mann, send av Gud; Johannes var namnet hans. Han kom for å vitna; han skulle vitna om ljoset, så alle kunne koma til tru ved han. Det var ikkje han som var ljoset, men han skulle vitna om ljoset.*

*Det sanne ljoset som lyser for kvart menneske, kom no til verda. Han var i verda, og verda har vorte til ved han, men verda kjende han ikkje. Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans. Dei er ikkje fødde av kjøt og blod, ikkje av menneskevilje og ikkje av manns vilje, men av Gud.*

*Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning." (Johannes 1,1-14)*

Det meste av matematikken eg lærte på vidaregåande skule, har eg gløymt. Som mykje annan kunnskap som ikkje blir brukt, kverv også matematiske formlar lett i den store gløymsla. Det har hendt at eg har hatt mareritt og drøymt at eg trong gamal kunnskap fordi eg skulle opp til eksamen. I nokre lange sekund har uvissa og redsla ridd meg. Det eg kunne ein gong, er gløymt og borte. Men heldigvis. Som alle andre mareritt er også dette borte når eg vaknar og skynar: Det heile var berre ein draum. Du treng ikkje hugsa vanskelege formlar lenger.



Men endå det meste er gløymt, er det noko som sit fast. Vi lærte at ein sirkel, eller eit retteleg rundt hjul, var laga slik at det berre med eitt einaste lite punkt rørte ved jorda. På ein viss stad er det kontakt, og hjulet og jorda møter kvarandre. Slik seier hjul noko viktig om jul. Juleevangeliet fortel nemleg nettopp dette: Til ei tid, på ein stad og i eitt menneske kom Gud til verda og vart ein av oss. Underet skjedde då Jesus vart fødd. Då vart Gud kjøt og blod og tok bustad mellom oss. Då kryssa Guds tid og menneskeleg tid kvarandre.

### Gud er nær i din kvardag!

Juleevangeliet er det avgjerande kronunderet. Anten er det sant det Bibelen fortel, at Gud verkeleg er blitt menneske og ein av oss. Og er det først sant, så er

dette den viktigaste hendinga i verdssoga, og ingen ting er lenger som før. Då er det ikkje vanskeleg å tru korkje at Jesus kunne gå på vatnet, lækja sjuke eller metta 5000 menneske med berre litt fisk og nokre stykke brød. Eller så er juleevangeliet ei stor lygn som vi så fort som råd burde slutta å lesa, attfortelja og preika over. Noka løysing midt imellom, som vi ofte elles leitar etter, finst ikkje.

Som kristen kyrkje ønskjer vi å seia: Vi trur at underet har skjedd! Det skjedde på ein stad, til ei viss tid då Maria fødde Jesus. Akkurat som hjulet rører jorda på eitt punkt, fortel det kristne

juleevangeliet at Gud vart menneske i Jesus Kristus. Difor veit vi:

**Gud er nær i din kvardag!**

Underet skjedde fordi Gud ønskjer å ha med oss å gjera. Jesus kom til jorda, vart fødd og vart eit menneske fordi Gud bryr seg om korleis vi har det. Vår Gud er ingen fjern og utilnærmeleg majestet som tronar uforstyrra i sin himmel, men han er ein nær Gud som vil dela vår kvardag. *"Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning"* (Johannes 1,14).

Gud er nær i din kvardag!

Domprost Ørnulf Axel Elseth

## BARNEKOR PÅ STAMNES



I haust vart det stara opp barnekor på Stamnes. Allereie 25. november gledde dei bygda med song, då dei tok del i familiegudstenesta i Stamens kyrkje den dagen. Dirigent er kantor Tone Synnøve Ø. Steinkopf, som seier at det er plass til endå fleire born i koret!

## 50ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 7.OKTOBER 2001



**1. rad frå v.:** Inga Eikefet Birkeland, Marta Grøttå, Eva Hesjedal Guldberg, Liv Dysvik, Solveig Hvidsten Bøe, Astrid Dale Homb.

**2. rad frå v.:** Borghild Brekke Aske, Ingrid Brudvik Lydvo, Marit Boge Erdal, Aud Helle Angeltveit, Berit Ekanger Lindtvedt, Elbjørg Dale Lindstad, Else Margrethe Rønhovde Mortensen.

**Bakerst:** Erling Viksund, Reidar Helle, Paul Fotland, Georg Tjønneland, Bjørn Ekanger, Manfred Marx, sokneprest Frode Kvamsøe

## 60-ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 7.OKTOBER 2001



**1. rad frå v.:** Anna Stanghelle Fosmark, Sunneva Torvik Esslin, Nancy Hellestræ Romslo, Astrid Berge Pedersen, Margit Rasdal Kronstad, Maria Seim, Enis Pettersen.

**2. rad frå v.:** Lars Rasdal, John Laastad, Johannes Fosmark, Sverre Samuelsen, John Eliassen, Norvald Fosse.

## DEI NYE SOKNERÅDA I VAKSDAL FOR 2001 - 2005

### Medlemmar i Vaksdal sokneråd:

Tove Margrete Nordmark, leiar  
 Kjell Nysted  
 Karl Boge  
 Odd Arild Faugstad  
 Grete Loftheim Dale  
 Martha Bjørsvik  
Vararepr:  
 Johannes Skulstad  
 Jørgen A. Furubotn  
 Kari Bø  
 Odd Kåre Alvheim

### Medlemmar i Dale sokneråd:

Eli Kringlebotten, leiar  
 Einar Magne Straume  
 Liv Marit Vik Dale  
 Marie-Brit Bjerke  
 Åse Eikemo Strømme  
 Asbjørn Tvedt  
Vararepr:  
 Palma Myklebust  
 Åshild Hestad  
 Eva Guldberg  
 Steinar Dale  
 Else Marie Mugaas

### Medlemmar i Bergsdalen sokneråd:

Ragna Lid, leiar  
 Per Småbrekke  
 Berit Pettersen  
 Edvard Kleven  
Vararepr:  
 Anne Hilde Fosse Osvold  
 Solveig Brekke  
 Jan Haldor Hatlestad  
 Ragnvald Berge  
 Olaug Fagerbakke

### Medlemmar i Stamnes sokneråd:

Eidrun Straume Normann, leiar  
 Marit Sandal  
 Arild Stamnes  
 Håkon Jakobsen  
 Marit Århus Myster  
 Mons John Stamnes  
Vararepr:  
 Bjørg Dæmring Berge  
 Bjørn Arvid Ekse  
 Per Kulshamar  
 Aud Angeltveit  
 Kjell Arnstein Vedaa


### Medlemmar i Eksingedalen sokneråd:

Ester Gullbrå  
 Berit Vetlejord  
 Bjørg Lavik  
 Jostein Flatekval  
Vararepr:  
 Jon Trefall  
 Bjørn Eikefet  
 Britt Nese  
 Grete Haugen  
 Karin Flatekval

### Medlemmar i Nesheim sokneråd:

Ingunn L. Gullbrå, leiar  
 Lilly Nese  
 Nils L. Nesheim  
 Anne Marit Finne  
Vararepr:  
 Sveinung Tyssen Bergo  
 Anita Gullbrå  
 Hallvard Gullbrå  
 Arne Nesheim  
 Lilly Brekkhus

## PÅ VEG TIL NEPAL



**Dette skuleåret er Kjartan og Elisabeth Faugstad Gullbrå elevar ved Gå Ut Senteret i Hurdal. Dei førebur seg på eit liv som misjonærar i Nepal, der dei etter planen skal busette seg frå sommaren av.**

Kjartan (32) er frå Gullbrå, Elisabeth (23) er frå Vaksdal, og vesle Ole Johan (1) er tredjemann i familien. Dei har budd så og seie heile livet her i kommunen, og vore aktive i bedehus, kyrkje og på leirstaden Fagertun i Eksingedalen. Då dei vart gifte busette dei seg på Vaksdal.

### Kvifor gjer de dette?

Kjartan har tenkt på Nepal og misjonærteneste der sidan studiedagane, seier han. – Vi snakka ein del om det då vi gifte oss. Då Elisabeth hadde tilbod om å ha praksis som lærarstudent i Kathmandu i 1999, såg me det som eit fint høve til å sjå litt nærmare på korleis det er å bu i Nepal. Då vi var i landet fekk vi ei orientering om misjonsarbeidet der, vi fann ut at her kunne vi tenke oss å vere.

### Korleis har desse månadane på skulebenken påverka dykker syn på det som ligg framføre dykk?

Tida på Gå Ut Senteret har vore verkeleg inspirerande og nyttig med tanke

Elisabeth er lærar, og Kjartan er sivilingeniør. Dei har vore på Gå Ut Senteret sidan i august, og er ferdig i juni neste år. Dei går på ei line som er kalla ”Missiologi og bistand”. Det er trong for ingeniørar i Nepal, og Kjartan vart oppmoda om å ta kontakt med Tibetmisjonen med tanke på å reise dit. Det er enno ikkje avklara kvar Elisabeth kjem til å arbeide, men eitt alternativ er som lærar ved den norske skolen i Kathmandu.

på ei teneste ute. Me har lært mykje nytt m.a. om det å vere ein vestleg misjonær i møte med andre kulturar. Sjølv om det kriblar litt i oss etter å komma til Nepal, ser vi med glede fram til å gå på Gå Ut Senteret eit halvår til. Verdien av eitt år med førebuing kan ikkje verdsetjast høgt nok, meiner me. På skulen får me også kontakt med andre som er i same situasjon som oss som vi kan dele erfaringar og spørsmål med.

### Kva vil de seie ein misjonær er?

Alle kristne er kalla til å vere misjonær på eit eller anna vis, men ordet er mest brukt på dei som krysser (lande-)grenser, fortel Kjartan og Elisabeth. - Vi vert ikkje

misjonærar i tradisjonell meinung, men vi vert kalla teltmakarmisionærar. Det er ikkje lov å drive kristen misjon i Nepal, vi vert buande der som vanlege folk. Men vi har høve til å leve som kristne og å vere aktive i kyrkjelydsarbeidet der. Vår oppgåve er å syne evangeliet gjennom liv og haldningar, og gjennom vitnesbyrd i samtalar med enkeltmenneske. Vi ser det også som ein viktig del av ein kristen si gjerning å bidra til utvikling i eit land der mange lid naud.

### Korleis vert kristne tekne imot av folk i Nepal?

Sjølv om Nepal er eit hinduistisk kongedømme, og det er i prinsippet ulovleg å skifte tru til kristendom, har landet ei av dei raskast veksande kyrkjene i verda. Mange av dei nepalesarane som vert kristne opplever trakkasering og forfølging frå familie og lokalsamfunn. Også vestlege misjonærar som ikkje har hatt god nok kjennskap til lover og kultur i landet har opplevd å bli fengsla for å ha vitna om Jesus.

*Vil du halde seg oppdatert, kan du gjere det på familien Gullbrå si heimesida på Internett, <http://home.no.net/kjagull>. Meir om Tibetmisjonen finn du på <http://home.sol.no/~nham/>.*



Kjartan og Elisabeth, med Himalaya og fjellet Arnapurna 1, som er over 8000 m. høgt, i bakgrunnen. Sjølv står dei på fjellet Poonhill, over 3200 m høgt.

**Elisabeth si ”grandtante”, Gunnvor Bjørsvik, var misjonær i Kina i mange år. Er det ein stafettpinne de tek med dykk vidare når de reiser til Nepal?**

- Det er kan hende det. Eg har fått vite ein del om tidlegare misjonærar sine liv gjennom henne, og ho har mykje god misjonskunnskap å formidle. Det er likevel noko anna å reise til Nepal i dag enn til Kina for 50 til 100 år sidan, seier Elisabeth. –Oppbruddet heimanfrå var mykje større før. I dag kan vi til dømes gjere sjølve reisa på eit halvt døger og sende bilet og brev heim på minuttet pr. e-post.

### Korleis ser de fram til å flytte så langt bort?

- Det skal verte godt å kome seg ut og oppleve det å leve som kristen andre stader, seier dei. Vi har eit kall til teneste, og ser det som eit privilegium å få høve til å reise. Det vert likevel litt trist å reise frå vene og familie her heime, ikkje minst for Ole-Johan sin del.

**BARNAS KYRKJEBOK**

**4-åringar frå Stanghelle i Dale kyrkje 4.november 2001**



**4-åringar frå Dale i Dale kyrkje 4.november 2001**

## BARNAS KYRKJEBOK TIL 4-ÅRINGAR



Vaksdal kyrkje 11.november 2001



Nesheim kyrkje 9.desember 2001

## SAMAN OM JULEDAGSGUDSTENESTA

Dei seinare åra har det vore fellesgudstenester for Vaksdal og Dale på høgtidsdagane, Juledag, Påskedag og Pinsedag. No til jul er i Dale kyrkje det skjer.

Tidlegare var det gudsteneste samstundes i desse to kyrkjene. Det vart gjort framlegg om å ha gudstenestene felles, mellom anna for å samle folk om ei gudsteneste. Då kom fleire folk saman, noko som i seg sjølv er positivt. Betre kvalitet på gudstenestene vil og vere mogleg å få til, når prestar og kantorar kunne arbeide saman om ei gudsteneste.

Difor: **KOM SAMAN TIL HØGTIDS-GUDSTENESTE PÅ DALE JULEDAG!**

Dei som veit dei treng transport til gudstenesta, kan ta kontakt med Kyrkjekontoret på førehand, og ein vil freista å få til ei ordning med skyss.

**Vi spurde tre kyrkjegjengjarar om kva dei meinte om å ha felles gudstenester i kyrkjene på Dale og Vaksdal?**

**Arne Verpelstad,  
Stanghelle:**

- *Fleire folk kjem til gudstenestene då, og det er jo positivt. Det er fint å samle folk på slike høgtidsdagar.*



**Trygve Boge, Vaksdal:**

- *Tja, sei det. Gudstenestene vert jo fyldigare, men det er ikkje sikkert at utvekslinga vert så stor. Dei bygdene der det ikkje er gudsteneste, kjenner det kan hende som eit sakin?*

**Karoline Vik Hegge,  
Dale:**

- *Det er betre å ha det felles. Det kjem fleire folk, og samlar folk i bygda. Slik vert eit betre fellesskap, i staden for at folk berre sit heime i sine eigne bygder.*



## BARNAS KYRKJEBOK



**4-åringar i Stamnes kyrkje 25.november 2001**

## RYKTE OM ENGLAR

*Det store prosjektet for konfirmantane denne hausten, har vore musikalen Rykte om englar.*

Deltaking i musikalen var open for alle som ville vere med, og til saman rundt 70 songarar, musikarar, opplesarar og scenearbeidrarar var i sving siste laurdagen i november.

Opplevinga til dei som var med, såg ut til å vere sama med dei nærar 200 tilhøyrarane: Dette var ei flott oppleving! Mykje arbeid låg bak, men resultatet synte at det var verdt strevet.



Foto: VaksdalPosten

Fyrste gongen med breakdance i Dale kyrkje



Foto: VaksdalPosten

## TAKK !

Me vil rette ein stor Takk til alle de som tok eit tak i samband med "Rykte om englar". Utan alle dei som stod rundt hadde ikkje dette vore mogleg å gjennomføre. Takk for praktisk hjelp, for songglede, oppmuntring og forbøn. Alle har på kvar sin måte vore med og gjeve noko til konfirmantane.

Helsing  
Kantorane Olav Arne og Tone Synnøve

**ALT I KJØKKENINREDNING  
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE  
SNEKKERVERKSTED**

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar \* Koldtbord \* Begravelses-sammenkomster  
\* Overtidsmat \* Møtelokale \* Video \* Stor-kiosk  
Fast-food \* Pizza \* Musikk \* Verksted \* Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.  
Tlf. 56 59 67 36-Fax: 56 59 67 75 -E-mail kaajo@online.no



**PETERSEN & YPSØY**

Dalekvam A/S

Bokhandel - Steintøy - Kiosk - Foto

Konsul Jebsensgt. 4

Telefon: 56 59 61 58 - Faks: 56 59 67 66



**FRI BOKHANDEL BA**

Frie bokhandlere for fantasi og fellesekspas

## Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam

## Meir tid til det som er viktig

Med NettBank kan du utføra  
dine banktenester sjølv via internett

**SpareBank 1 Vest**

Tlf. 815 22 002 www.spv.no

**COOP Hordaland BA  
marked**  
Avd. 405 Dale  
5721 Dalekvam  
**Tlf.: 56 59 60 57**



Dalehallen, Tlf 56 59 64 44

*Har du lyst til å fornye deg?*

*Vi hjelper deg med ny klipp, hårfarge og make-up.*

-Kosmetikk

-Fjerning av uønsket hår

-Hull i ørene

-Hair extensions ( sveising)

-Brudepynting



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.




**DALE MATSENTER**

Pb. 163, 5701 Voss

tlf. 56 59 62 23

faks. 56 59 67 61

**Dei smarte sparar tid & peng.**



**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Einar Mjelde, tlf. 56 59 74 43 (priv.)

## VELKOMEN TIL KYRKJE



### VAKSDAL KYRKJE

**24.des. kl.16.00**

Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.

**25.des. kl.11.00** Felles høgtids-  
gudsteneste. Sjå Dale!

Kyrkjeskyss frå Botn på Vaksdal  
kl.10.30

**31.des. kl.23.15** Midnatts-  
gudsteneste. Bø.

**6.jan.kl.11.00** Høgmesse.  
Nattverd. Kvamsøe.

**20.jan.kl.11.00** Høgmesse.  
Nattverd. Kvamsøe.

**3.febr. kl.11.00** Familie-  
gudsteneste. Bø. Utdeling av  
"Godt nytt" til 5.kl.

**17.febr. kl.11.00** Høgmesse. Bø.  
Nattverd. Årsmøte.

**19.febr. kl.19.00** Konsert med  
Vaksdal kulturskule.

### DALE KYRKJE

**24.des. kl.15.00 og 16.00**

Familiegudstenester. Bø.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**25.des.kl.11.00** Felles høgtids-  
gudsteneste. Bø og Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Den Norske  
Misjonsallianse.

**13.jan. kl.11.00** Høgmesse. Bø.

**27.jan. kl.17.00** Familieguds-  
teneste. Kvamsøe. Utdeling av  
"Godt Nytt" til 5.kl.

**10.febr. kl.11.00** Høgmesse.  
Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.

**13.febr.kl.19.00** *Sjå Stanghelle  
Bedehus.*

**24.febr.kl.11.00** Høgmesse.  
Kvamsøe. Nattverd

### STANGHELLE BEDEHUS

**Oskeonsdag 13.febr.kl.19.00**  
Skriftemålsgudsteneste. Bø.

### STAMNES KYRKJE

**24.des. kl.13.30** Familie-  
gudsteneste. Bø. Offer til Det  
Norske misjonsselskap.

**26.des. kl.11.00** Høgtidsguds-  
teneste. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Amnesty Internatonal.

**31.des. kl.23.15** Midnatts-  
gudsteneste. Kvamsøe. Offer til  
Kirkens Bymisjon i Bergen.

**20.jan.kl.17.00** Familieguds-  
teneste. Kvamsøe.

**17.februar kl.11.00** Høgmesse.  
Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.

### EIDLSDLAND KAPELL

**24.des. kl.14.00** Vi syng jula  
inn.

**6.jan. kl.17.00** Høgmesse. Bø.

**3.febr. kl.17.00** Familieguds-  
teneste. Bø. Utdeling av "Godt  
Nytt" til 5.kl. Årsmøte.

### BERGSDALEN KYRKJE

**26.des. kl.11.00** Høgtids-  
gudsteneste. Bø. Offer til Den  
Norske Sjømannsmisjon/Norsk  
kyrkje i utlandet.

**10.febr. kl.11.00** Høgmesse. Bø.  
Nattverd. Årsmøte.

### EKSINGEDEALEN KYRKJE

**24.des. kl.12.00** Familie-  
gudsteneste. Kvamsøe. Offer til  
Frelsesarmeen.

**10.febr. kl.16.00** Familieguds-  
teneste. Bø. Utdeling av "Godt  
Nytt" til 5.kl. Årsmøte.

### NESHEIM KYRKJE

**24.des. kl.12.00**

*Sjå Eksingedalen kyrkje.*

**6.jan. kl.11.00** Høgmesse. Bø.

### VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i  
lokalavisene og på plakatar for å  
kontrollera m.a. klokkeslett for  
gudstenestene.

### JULEFESTAR

#### DALE BEDEHUS

Laurdag 28.desember

#### BERGSDALEN UNGDOMSHUS "FJELLHEIM"

Laurdag 29.des. kl.13.00

#### VAKSDAL BEDEHUS

Laurdag 5. januar kl.17.00

Arr.: Vaksdal sokneråd

#### STANGHELLE BEDEHUS

Søndag 6.januar kl.16.00

Arr.: Søndagsskulen, Barne-  
laget og Indremisjonen.

Kr.20,- pr. person.

Maks kr.100,- pr. familie

*Det Norske Misjonsselskap*

REGION BJØRGVIN

Teléfono 55 31 00 61

Telefax 55 31 08 06

Postgiro 0813 5700216

Bankgiro 8220.02.85103



### Leirar 2002

#### Kvamssæter:

**22.-24. (evt. 25. og 26. februar)**

**22.-24. februar - Nettverksleir**

**22.-25. mars - Påskeleir - (5-7.kl.)**

**28/3 -1/4 - Familieleir**

**22.-25. juni - Horisontleir (5-7.kl.)**

**26.-29. juni - Barneleir - (2.-5.kl.)**

#### Alværa:

**18.-20. februar - Barneleir (2.-4.kl.)**

**21.-24. februar - Horisontleir (5-7.kl.)**

**22.-25. mars - Tenåringsleir**

**3.-5. mai - Fotballeir (2.-5.kl.)**

**24.-27.juni - Sommerleir 1 (2.-4.kl)**

**28.-30. juni - Rufusleir**

**SLEKTERS  
GANG****DØYPTE****DALE**

21.10 Markus André Terjesen  
21.10 Markus Johnsen  
Davidsen  
04.11 Kari Faugstad Jordalen  
09.12 Trym Lundekvam

**VAKSDAL**

11.11 May Kristin Løtvedt  
Larsen

**STAMNES**

25.11 Katarina Linnéa Hesjedal  
**BERGSDALEN**  
09.12 Ariane Jebsen Alvestad

**AVLIDNE****DALE**

31.07 Anlaug J. Berge, f.1912  
16.08 Adler Martin Ekanger,  
f.1921  
23.08 Synnøve Hesjeua, f.  
1919  
29.08 Einar Kåre Moberg,  
f.1924  
10.09 Henrik Rolland, f.1908  
28.11 Nils K. Faugstad, f.1915  
06.12 Olaug Kleveland, f.1918  
07.12 Arna Wolf, f.1916  
10.12 Johannes N. Helle,  
f.1920  
13.12 Anna Bergstad, f. 1920

**VAKSDAL**

26.09 Thor Michelsen, f.1914  
01.10 Roald J. Magnussen, f.  
1912  
04.11 Alice Olsnes, f.1908  
04.11 Brita Farestveit, f.1912  
18.11 Arthur Malvin Hansen,  
f.1918  
06.12 Borghild Simmenes,  
f.1915  
**STAMNES**  
09.09 Astrid Vik, f.1915  
04.10 Fritjov Dæmring, f.1923  
02.11 Maria M. Stien, f.1911  
10.11 Hans Sundvor, f. 1923  
07.12 Marit Anne Ulevik,  
f.1947



Teikna av Hamid Mohammadi, 13 år. Han er frå Afghanistan, men er no busett på Dale.